

Nina Undheim Hauge  
Tveitastø 4  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/8868 - 21/75010

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
ingrid.bjorge.pedersen@alver.kommune  
.no

Dato:  
10.11.2021

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 29/36 Hauge

Tiltak: ferdigbygd garasje  
Byggjestad: Gbnr: 29/36  
Tiltakshavar: Nina Undheim Hauge  
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 19.10.2021.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Målsatte teikningar av garsjen. Det er naudsynt med informasjon om lengde, bredde og høgde på garasje. Når det gjeld høgde skal det både gå fram kva gesimshøgde og mønehøgde er for garasjen.
2. Vedlagt følger situasjonskart. Det er naudsynt å syne minste avstand i frå nabogrense og for eksisterande bustad i kartet. Vi ber om at dette vert ført på situasjonskart og sendt inn til kommunen.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **01.12.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Nina Undheim Hauge

Tveitastø 4

5913

EIKANGERVÅG